



Møtereferat

Dato: 23.11.2021	Type møte: Diskusjonsmøte
Tid og stad: Microsoft teams	Møteleiar: Ole Martin Bolset
Bakgrunn: Diskutere framtidig bruk av kommunal tomt 138/22 ved Øvre Tveiten, i samband med pågåande reguleringsplan.	Til stades: Planforvaltning v/Ole Martin Bolset Eigedomsforvaltning v/ Line Valle og Per Asle Køhne Plan & analyse v/ Trude Langedal

Skarsvegen 29 – gbnr. 137/20:

Statens vegvesen hadde ikkje innvendingar mot at Alver kommune starta opp arbeidet med moglegheitsstudie, og eventuelt detaljregulering ved gbnr. 137/20, parallelt med ferdigstilling av kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Her skal det utredast for å byggje omsorgsbustadar + (for utviklingshemma med ekstra behov for skjerming). 7 plassar med personaldel.

Mest sannsynleg vil dette prosjektet måtte regulere tilkomstvegen. Krysset mellom Fv 5476 og Kv 1181, må regulerast der ein ser bruken (anleggstrafikk og framtidig trafikk) for B1 og BOP1 (i områdeplan for Alversund) og gbnr. 137/20 i ein samanheng.

Det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie for gbnr. 137/20. Det kan vere aktuelt å sjå på gbnr. 138/22 i same moglegheitsstudie.

Trond Engelsen er prosjektleiar.

Tomt 138/22:

Barnehagebehovet utgår på 138/22. Tomta er for liten, og relativt omringa. Ein kan sjå for seg å nytte tomta til kommunale bustader, men framtidig bruk er ikkje avklart. Sidan B1, BOP1, SKV6 og SGS_1 har eit krav om felles planlegging over seg, ser Alver kommune det som hensiktsmessig å regulere heile BOP1 til eit kombinert formål. Ein ser for seg bustad/tenesteyting – SOSI-kode 1803.

Vidare burde ein opprette ein dialog med offentlege etater (Statsforvaltar, Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune) so tidleg som mogleg i prosessen. I denne dialogen må ein illustrere kva ein har tenkt å regulere spesielt BOP1 til, og grunngje kvifor ein vel å regulere det til aktuelt reguleringsformål. (Ein kan vurdere å gjere dette ved varsel om utvida planomriss).

Tilleggspunkt etter møtet:

GBNR. 138/22 skal verte tatt med i moglegheitsstudien for GBNR. 137/20.